

Halling- ljom



Dagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~

NR. 2/10

INNHALD

Innholdsliste	side	3
Fyriord	side	4
Mimreside med informasjon	side	5
Kjende Hallingar:		
Hallgrim Berg	side	6
Omlegginga i BLS	side	10
Helgekurs i Hallingspringar	side	12
Program for hausten	side	13
Sylvsmidja på Voss	side	14
Spikjikkjøttur med noko attåt	side	17
Kvedarkvintetten frå Torpo	side	19
Birger Liahagen	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Ein ny dansehaust er i gong, og den fyrste danseøvinga starta bra med omlag 25 deltakera til stades. Det er i det heile ei god positive bølge i folkedansen og folkemusikken for tida.

Ekstra gledeleg er det at me får til eit nytt stort helgekurs denne hausten, og det er omlag to år sidan sist. Her vil Ulf-Arne Johannessen frå Torpo og Ål instruere oss inn i springaren, og han er ein av dei beste og mest aktive dansarane me har i Hallingdal for tida. Med ein slik populær instruktør så reknar me med at det blir fullt med folk og god rekruttering denne hausten. Og no må gutane ha vet til å komme, for her blir det ikkje berre kurs i hallingspringar, men kurs i dans generelt, om takt, steg, haldning og samspel mellom gut og jente.

Det kan også skje store ting med Nordahl Bruns gate 22. Etter eit par vanskelege driftsår, går det no mot eit nært samarbeid med Bøndernes Hus AS som er driftsorganisasjonen til BUL (Bondeungdomslaget). Les eigen artikkel om stoda i BLS og dei framtidige mogelegheitene.

Elles er de øvingskveldar i hallingspringar annan kvar onsdag, til levande springarspel, sjå program side 13. Her er alle velkomne til å delta. Dansar ein ikkje, så er hytta vår Hallingbu i Lillomarka klar for besøk. Bli gjerne med på ein fellestur fyrst så du blir kjent. Hallingbu har mange vener i laget, og hytta er laget si viktigaste og verdifullaste eige.

Les og kos dikkon med Hallingljom!
- Og ta ein tur innom laget i haust.

*Terje Grangård,
Leiar*

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2010

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal helst snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet, for elles blir det unødig bruk av tid og krefter i laget for å finne ut kven som har betalt!

Hallinglaget sin konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Eit mimrebilde å bli glad av!



Bildet er saksa frå Hallingdølen.

Vinnarane av Kongepokalen på Landskappleiken på Geilo i fjor:
Ingunn Stræte Lie og Ulf-Arne Johannessen.

Det var ei fantastisk oppleving for alle uss som var der - og sjå kor godt dei dansa og sjå kor glade dei vart når dei vant! Moro at me har slike dansarar frå dalen vår ...

Treng de plassering av born under springarkurset så let det seg ordne:

BUL skal ha hallingkurs og folkedanskurs for barn den same helga, så her kan borna delta på deira kurs, om dei ikkje heller vil vere med på hallingspringarkurset! Kurset til BUL er frå 12.00-15.00 og det er Barneleikfest frå kl 17.00.

Sjå: www.bul.no og derunder Barnelaget.

Om ein vil danse meir i kurshelga 23. – 24. oktober , så vitjar **Småviltlaget** Nordahl Bruns gate denne helga i Rundsnuen sin tradisjonelle haustfest. Betre polsspel finn ein ikkje i Noreg, så no er det berre å pusse danseskoa og melde seg på her:

<http://www.folkedans.com/rundsnuen/>

Kjende Hallingar



Hallgrim Berg

Født 1945

Frå Ål i Hallingdal

**Politikar (H),
forretningsmann,
forfattar, musikar,
dansar, foredragshaldar
og samfunnsdebattant.**

Har gjeve ut ei rekke bøker og
CD-plater.

Bildet fann eg på nettet!

*Underteika hadde eit triveleg
intervju med Hallgrim 5. sept i år.*

Fakta:

Namn: Hallgrim Berg

Født: 28. januar 1945

Gift med: Maria Høgetveit Berg, født 1941

Barn: Borgar f. 1970 og Sigrun f. 1972

Bustad: Ål i Hallingdal

Foreldre: Oline og Bernhard Berg frå Ål

Sysken: Ingjerd Berg Helleland, f. 1939

Utdanning: Cand. philol. 1972

Yrke/virke Møtt på 24 Storting (1974-2001), fast stortingsrepresentant i 16 år, medie- og kulturpolitisk representant for Høgre på Stortinget. Leiar for The European Democratic Group i Europarådets parlamentarikarforsamling 1992-97. Leiar i Løvebakken Mållag 1988-97. Medlem av Norsk Språkråd 1972-1988, styreformann i Tubfrim, medlem av Kringkastingsrådet, fylkestingsrepresentant i Buskerud, forretningsmann, forfattar, spelemann, dansar, foredragshaldar, samfunnsdebattant, musikkmeldar i aviser og tidsskrift med meir!

Som nemnt over er Hallgrim ein sær sars aktiv mann, eg er ganske viss på at det ikkje er nokon hallingar som har fleire jarn i elden enn han! Ved sida av Olav Thon er det vel den hallingen som er mest kjend? Det er ein av årsakene til at me ikkje har skrive om han før ..., for kvar skal ein begynne? Det er nok stoff til ei tjukk bok. Så her vil me fokusere på kva han har gjort for folkemusikken og folkedansen. Det høvde seg slik at Hallgrim vitja Hallinglaget i vår og bidrog til ein forrykande øvingskveld, der han kåserte om folkelivet på Ål, snakka om bøkene sine, spelte seljefløyte og han fekk fart i danselyden ved å spele springarar på munnharpe! Dei som ikkje hadde høyrd han spele før vart glade og overraska over det gode spelet hans.

Men fyrst tek eg med nokre bolkar om kva Hallgrim har drive med i eit langt yrkesliv og liv. Mykje av denne informasjonen er saksa frå Wikipedia på nettet. Om det blir litt gjentakning så får de bere over dykk med det:

Hallgrim Berg sat på Stortinget som Høgrepolitikar for Buskerud frå 1977 til 2001! Fyrste og siste periode som vararepresentant, men i tidsrommet 1981 til 1997 som fast representant. Han var kultur- og mediepolitisk talsmann for Høgre og saksordførar for NRK-saker. I åra 1989 til 1997 var han medlem av Europarådets parlamentarikarforsamling i Strasbourg, der han dei siste fem åra var leiar for The European Democratic Group. Han satt også i kulturutvalet, leia underkomiteen for media og var nestleiar i likestillingskomiteen. Berg vart utnemnt til æresmedlem i Parlamentarikarforsamlinga i 1998.

Berg har også vore aktiv i lokalpolitikken, han var med i Ål kommunestyre frå 1975-87 og 1999-2004, samt med i Buskerud fylkesting frå 1999 – 2007.

Yrkeskarriere:

Berg er utdanna Cand. philol frå Universitetet i Oslo i 1972, med statsvitenskap, engelsk og historie hovudfag. Yrkessmessig har han mellom anna arbeidd som frilansmedarbeider i NRK TV for norsk og internasjonal folkemusikk (1968-1973). Han var lektor både ved Hol ungdomsskule på Geilo (1973-1974) og Hallingdal gymnas på Gol (1974-1976). Fra 1974 til 1986 var han sjølvstendig næringsdrivende med sportsbutikkar og radio/TV-forretningar i Ål og Geilo. Ei tid var han musikkritikar i Aftenposten (1986-1992) og frå 1998 – 2003 dagleg leiar i reiselivsselskapet Fjell og Fjord Ferie på Gol.

Hallgrim Berg har vore aktiv målmann i mange år, og sat i arbeidsutvalet til Noregs Mållag frå 1968 – 1970.. Han var leiar i Ål og Torpo Mållag frå 2004-2009, og æresmedlem i Buskerud Mållag frå 1995.

Hallgrim har utover si karriere i politikk og arbeidsliv vore med å gjeve ut fleire bøker og musikkalbum. Han var også med på og sette musikk til den norske filmen ”Knut Formos siste jakt” i 1973. Han er særleg kjent for å spele munnharpe og seljefløyte og er ettertrakta som foredragshaldar, kåsør og historieforteljar. Han kunne klart seg godt som artist på heiltid!

Hallgrim Berg har vært sær sars aktiv i folkemusikkmiljøet i Noreg. Alt i 1969 vart han sekretær i Landslaget for Spelemenn. Han var med og etablerte Folkemusikkdagane i Ål (namnet no er Den norske Folkemusikkveka) i 1976, der han i nær tredve år var med i leiinga for programarbeidet. Hallgrim er også mykje nytta som kappleiksdommar i folkemusikk og folkedans, samt som programleiar på kappleikar og festsamkomer.

Hallgrim har vore styreformann for innsamlingsprogramma til Tubfrim på Nesbyen i 20 år. For denne innsatsen for handikappa born og unge vart han utnemnt til æresmedlem i Nasjonalforeningen for folkehelsen då han gjekk av i 2009.

Bokutgjevingar:

- 2009: *Rakfisk i godt lag* (Samlaget)
- 2008: *Olav Thon - milliardær i anorakk* (Kagge forlag)
- 2007: *Amerikabrevet: Europa i fare* (Koloritt forlag)
- 2006: *Når lauvet sprett* (Samlaget)
- 2005: Redaktør i "Me og uss, de og dikko - dialekt i Ål og Torpo"
- 2003: *Når sevja stig* (Samlaget)

Plateutgjevingar:

- 2010: Sogesvall : Hermur, humor og buskspel – Hallgrim Berg og Knut Buen
- 2006: Fille-Vern - gamle og nye mestre i norsk munnharpetradisjon
- 1999: Munnharpa - Hallgrim Berg & Erik Røine (Heilo HCD 7149)
- 1997: Seljefløyta - Berg, Jacobsen, Ofsdal (Heilo HCD 7131)
- 1997: Ari Thunda presents: Hal Berg/Licenced to dance (MNWCD 322)

Utgjevingar framover:

- 10.sept. ny bok på Dyrskun i Seljord: "Når flaumen går - 144 folkelege soger"
- 23.sept. ny CD, saman med Erik Røine: "Sputer og drev - munnharpe i 100" (Heilo)

I dei morosame bøkene sine prøver han å halde fast på dei gode forteljartradisjonane i Hallingdal. Her er det mange forteljingar frå eit langt liv i politikken og saftige historier frå folkelivet. Sjølv om dei kan vere litt vulgære i skriftleg form er dei veldig morosame og høyre på når dei blir fortalt på dialekt og med snert. Så både CDen og boka som kjem i år vil eg nok vurdere å kjøpe inn til min gamle far, og håpe på at ein god latter vil forlengje livet! Eg har faktisk lest dei fleste bøkene hans og dei er tankevekkjande gode og interessante. Hallgrim klarer å sjå ting frå mange sider, og er ikkje redd for å ta utradisjonelle standpunkt.

Fritidsaktivitetar:

Hallgrim synte i tidleg ungdom anlegg for mange øvingar i friidrett. Han vart sterkt oppfordra til å starte med 10-kamp då han var jamgod i så mange øvingar. Den gongen stilte dei fleste bygdene i Hallingdal med ungdom i alle aldersklasser og dei reiste rundt for å tevla mot kvarandre. Men eg kom ikkje i gong med skikkeleg trening før eg gav meg seier Hallgrim! - som meiner han enno har rekorden i liten ball i Hallingdal, med heile 75.88! (Spør ikkje meg korleis dei klarte å måle så nøyaktig).

Hallgrim er skikkeleg god på munnharpe og seljefløyte, og han har vore med på ei rekke Landskappleiker og har hausta mange premiar. CD-ane hans på munnharpe er av dei beste som er gjeve ut, og då han og Erik Røine hadde CD-slepp under ei Folkemusikkveke på Ål så kokte det!



Hallgrim Berg i dag: biletet er saksa frå Hallingdølen som har mange gode fotografar.

Hallgrim var jamleg med på danseøvingar i Blåsalen i åra 1968-1972 då han budde i Oslo. Då var ofte Ole Rodegard instruktør. Spelemann var skomakar Liahaugen frå Svenkerud, av og til Magne Myhren, av og til Odd Bakkerud frå Nes. Og det var mange gode dansarar med på denne tida, han nemner spesielt Ola Guroplass som dansa ein mannsalder i Oslo. Oppe i Ål hadde han Tor Underberg som inspirator. Dette var karar som kunne danse og som sette standarden for god dans.

Hallgrim har også vitja Hallinglaget nokre gonger dei siste åra. Det hendte han kom innom øvingane i laget dei åra han var på Stortinget, og då lyfta dansen seg og det vart ekstra liv i danseringen. Elles heldt han eit søkkande bra kurs for oss i hallingspringar, saman med Karin Brennesvik i 2001. Her vart det liv og moro, han spelte nokre låttar på munnharpe til dans og heldt tale til oss og skapte ei veldig god stemning. Og Karin er jo kvinna som har lært opp heile Jondalen i folkedans og som har vore i USA utallige gonger og halde kurs. Så her var det røynde instruktørar! Hallgrim har også halde 4-5 kurs i Amerika og har vore det omlag 30 gonger!

Og me må ikkje å gløyme då Hallgrim inviterte dei fyrste femti i Hallinglaget som meldte seg på til fest på Stortinget eingong på nittitalet. Fyrst med omvisning på tinget, så masse god mat og drikke i kjellarstova ut i dei små timar. Då var det faktisk nokre i Hallinglaget som ikkje fekk meldt seg på tidsnok! Det vart fullt hus og mykje moro for dei som kom med.

Til slutt må me nemne bragdene til Hallgrim som dansar: han vant Dans hardingfele klasse A på Landskappleiken på Røros i 1970 saman med ovanfor nemnte Karin Brennesvik. Sjølv om Karin var frå Oslo! Ho dansa med alle laga i Nordahl Bruns gate og vart særst god i mange bygdedansar. Så i dag er ho eit unikum i folkedansen i Noreg. Dessutan vant Hallgrim Landskappleiken i laus på Lillehammer i 1968, så her har me med ein komplett folkedansar å gjere!

Takk for alle gode bidrag Hallgrim, du kan verkeleg meir enn å vere politikar!

Terje

Nokre synspunkt på strukturuomlegginga i BLS

Siste årsmøtet i BLS laut vedgå nokre heller dramatiske sanningar. NB 22, som BLS eig og driv, har ikkje vore pussa opp på over 30 år no, og det var semje om at dette var naudsynt. Det har altså ikkje vore nemneverdig fornying på bygarden sidan 1980-talet. Det er og kome krav til forsvarleg brannsikring, noko BLS i dag ikkje har råd til å følgje opp. Det er snakk om å leige ut til skyldte grupper, som til dømes Mållaget (hjarteleg velkomne skal dei vera). Husfliden kan og få ei systove i lokala.

Det er i og for seg ikkje noko gale i at garden blir eigd av Bøndernes Hus AS, driftsselskapet til BUL, som i dag driv hotell Bondeheimen, Kaffistova og Husfliden. BLS skal framleis drive delar av garden i samarbeid med BH, og lagsverksemda skal halde fram som før. Eg trur at mange av bygdelaga ser med takksemd på at garden blir pussa opp. Det er likevel eitt kritisk punkt i rekneskapen: Studenthusværa over halli, der det knapt bur studentar meir.

Kjende folk i miljøet har gjerne budd her når dei først kom til byen, alt frå Magne Myhren til Knut Aastad Bråten, og endå mange fleir. Sjølv vil eg nok gjerne sjå at tilbodet til studentar ikkje blir borte, sidan det og er mangel på studenthusvære i Oslo no. Frå BH er det derimot kome framlegg om å drive appartementshotell i desse lokala, men det er ikkje visst at dette er så lurt, med tanke på den generelle mangelen på husvære. Eit slikt hotell blir og svært dyrt, og er nok lønsamt, men ein kan slik og misse kontakten med resten av huset. Dei blir då «sett utanfor» den tradisjonelle drifta.

BLS-garden går i alle høve spanande tider i møte. Internt i laga er det og stor spaning knytt til desse vedtaka, og ikkje alle røyster er like positive til forslaga. Sjølv om mange av forslaga er tenlege for det vidare lagsarbeidet, kan mykje av denne omlegginga sjåast som dramatisk. Det som er mest naudsynt for bygdelaga no, er at dei for halde på sine leigeavtaler, slik at bruken av huset held fram som før.

Det er semje om å selja sjølv bygarden til Bøndernes Hus AS, som har meir kapital, slik at desse kan koste på det naudsynte vedlikehaldet i NB 22. Til dette kjem det nokre drøftingspunkt, som vi i bygdelaga lyt ta opp. Bygdelaga på si side vil gjerne ha så stor sjølveigarrett som mogleg.

Problemet med å drive sjølv er:

1. Å få nokon til å ta på seg leiarvervet i BLS, som også skal drive garden samstundes! Dagens styre har definert at ein ikkje har råd til å tilsetje nokon til å drifte garden, men dei har ikkje forsøkt å tilsetja nokon eldsjel til denne jobben heller! Men dei brukar hundretusenar på å drifte garden i dag: til rekneskapsføring, vaktmestertjenester og anna. Som Jon Låte sa får han mellom to og ti telefonar kvar dag vedrørande garden, for det er jo 30-40 hyblar og leiligheter i garden + mange som leiger kontor. Så det er ikkje noko vanleg verv, så det må vere betalt og drivast profesjonelt.
2. Vedrørande oppussing så er det stort sett vore måla og sett inn minikjøkken. Det å få renover garden frå 1940 standard til dagens krev millionar, ta til døme dusj på kvar hybel, dvs si at ein må dele opp hybelhuset på nytt! Og eit nytt lagskjøken, og renovere kjellaren som neste ser ut som katakombar vil koste dyrt.

For laga er dette viktig:

Låg husleige og gode dansesalar slik som i dag. Det som skal bestemast denne hausten er kva laga skal ha, samt prisen som skal gjerast om til eit lån slik at ein kan hente ut det ein ynskjer at renter av lånet for å drive lagsarbeidet i NB gt.22. Gjerne ikkje heile beløpet, det overskytande legg

seg på lånet slik at det blir større, slik at ein heile tida har ein god kapital å tære på. Alt dette må også gjerast korrekt slik at ein ikkje får problem med skatt og avgifter.

Det som er sikkert er at laga skal ha: Storsalen, Halli, Blåsalen og Møterommet (innafor Blåsalen), samt kaféen i kjellaren og kjellarområda rundt lagskjøkenet.

Dette skal bli eit **Kulturhus for folkekulturen**, dvs. den amatørmesige delen av folkekulturen, for dans, spel, song og teater. Også for born og unge.

Den meir profesjonelle delen har fått Riksscena i Schous-kvartalet, der dei kan bale på med sitt.

Dagens leiar i BLS Jon Låte har lagt fram følgjande visjon:

«Bøndenes hus as (BHAS) overtek frå 1.1.2011 med tinglyste klausular om at BLS skal disponera kulturdelen og deler av 1. etg til eige bruk. Der alle laga i BLS inkl. BUL blir ein del av miljøet. På dagtid kan salane brukast av BHAS til konferansar når ikkje BLS treng dei.

1. BHAS/BLS lagar til nytt kjøkken for konferansebruk på dagtid og lagsbruk kveldstid.
2. BUL og sine kontor blir flytt til NB22, truleg også Bøndernes hus sine kontor.
3. Systova til Heimen blir flytt til NB22
4. Vi får eit arbeidsmiljø som krev kafe/kantine, den gamle kaffistova i NB22 blir brukt til det på dagtid og kafe møterom på kveldstid.
5. Mange av dei som leiger kontor i dag må flytte ut for ombygging. Omfattande ombygging med heis må til.
6. Kontordelen blir pussa opp på sikt, NU og NM og andre nærskyldte organisasjonar får tilbod om å flytta til NB22
7. Hybelhuset blir avvikla - kanskje blir dei nye rom for Bondeheimen eller appartementhotell som Bondeheimen styrer frå sin resepsjon.
8. Etter ei tid vert alle Salane vert pussa opp og gjort brukbare for konferansar og til kveldsbruk.
9. Ny scene i Storsalen og Halli.
10. Kaféen i underetasjen blir ombygd til myldreareale på kveldstid m/litt kafe.
11. Utreiing om bygging av nye etasjar kan bli bygd over Storsalen for appartementshotellet.
12. Om ti år har vi eit moderne kulturbygg i Oslo, for folkedans, teater, folkemusikk hus - eigd av BUL -> Bøndenes hus as der BLS disponerer kulturdelen og der stor del av medlemmene i BLS i dag halvparten av medlemmene dvs BUL medlemmene kan vera med å påverke drifta gjennom BHAS sin generalforsamling.
13. BLS får 99 års tinglyst kontrakt på Kulturdelen.
14. I tillegg får BLS overført årleg sum frå BHAS som er renter av lånet BLS gjev til BHAS.

Det viktige for oss laga er å tryggja eigedommen/kulturdelen: Salane for framtida, og at vi får økonomi til å driva BLS som fylkeslag og ha rimelege og gode lokale for laga. I november vil det bli eit Omframnt Årsmøte i BLS der vi gjer vedtak i saka.»

Som ein ser er dette ei vand sak med mange sider. Det er berre å vone at BLS-garden blir driven på ein forsvarleg måte for framtida, og at laga får halde fram som dei alltid har gjort.

Eilev Groven Myhren

HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

23. - 24. oktober 2010, med Ulf-Arne Johannessen!



Laurdag: 23. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 24. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktør:

Ulf-Arne Johannessen, A-klasse dansar,
som vil lære oss dansen på ein to tre...

Spelemenn:

Ola R. Imset og Hilde Kirkebøen på
hardingfele.

Biletet syner Ulf-Arne Johannessen med toradaren! Han spelar torader så det rykkjer i dansefoten. Sjå også mimrebildet lenger framme i bladet med meir informasjon.

Mat: Det blir ei god matpause, der Berit, Else, Renate og andre i styret vil sørge for dugurdsmaten.

Pris: Kr. 350,-/400,- for medlemmer/ ikkje medlemmer der mat, kaffi og te er med i prisen! Studentar og ungdom under 20 år berre kr. 300,-.

Påmelding: så snart som råd, og helst innan 17. oktober for planlegging av mat og anna.

Kursinformasjon:

Dette blir eit kjempebra kurs, både for nye og for røynde dansarar.

Ulf-Arne vart noregsmeister og kongepokalvinnar i Dans hardingfele kl. A, saman med Ingunn Stræte Lie, på Geilo i fjor. Ulf-Arne er ein særskild aktiv dansar som ein av Frikarane, og er ein av dei beste dansarane me har i Hallingdal i dag. Ved sida av er han skodespelar, spelemann og treskjerar, er han ein særskild populær kurshaldar både i springar og laus.

Hallinglaget er kjempeglad for at han vil halde dette kurset for oss.

Jentene i Styret vil vere med og syne dansen saman med Ulf-Arne.

NB! Her vil ein lære mykje om dans generelt: både steg, takt, svikt og haldning.

- - - og meir hallingspringar får ein ikkje dansa i haust ... **så meld dykk på!:**

Epost til: grangard@c2i.net eller SMS til **48204652**.

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 1. sep.** Springarøving kl. 19.00.
- 15. sep.** Springarøving kl. 19.00.
- 29. sep.** Springarøving kl. 19.00.
- 13. okt.** Springarøving kl. 19.00.
- 27. okt.** Springarøving kl. 19.00.
- 10. nov.** Springarøving kl. 19.00.
- 24. nov.** Springarøving kl. 19.00.
- 8. des.** Juleavslutning kl. 19.00.
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 19. september: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Ola Imset spelar!
Det blir instruksjon i ein og ein halv time, og det blir
springardans ein ekstra time etter kurset. **Møt opp!**

Hausttur til Hallingbu: tidspunkt er ikkje bestemt!
Folk har for mykje å gjere - så nokon helg er ikkje spikra enno.
Interesserte må gjerne kontakte laget slik at dei får informasjon
om når det blir tur! Då blir det matlaging og peiskos

Helga 23. – 24. Oktober: Helgekurs i Hallingspringar!
Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.

Instruktør: **Ulf-Arne Johannessen** frå Ål.
Spel ved: **Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset.**

Pris: kr 350,- for medlemer og fyrihandspåmelde.
Kr. 400,- for dei som kjem direkte på kurset.
Eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen.
Meld dykk på og bli ein betre dansar!
Sjå meir info side 12.

Sundag 28. november: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden
frå kl. 19.30. **Best før ...** og Ola R. Imset spelar.

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

Verdas største bunadsylv-utstilling!

...stod det å lese i kappleiksprogrammet. Dette ville eg sjå.

Vidare stod det at Sylvsmdja i Voss tilbøy omvisning på smidja for dei som ynskte å sjå korleis bunadsylv vert til. Midt i beste kappleikstid vart det ei utfordring å få dette tel, og då eg likevel klara å rive meg laus, og innfant meg på Sylvsmdja var den siste omvisninga for lengst eit tilbakelagt kapittel. Men det spela vel inga rolle; ei av verksemdas tilsette viste meg likevel gladeleg rundt.

Litt historikk

Sylvsmdja på Voss vart etablert i 1940, då gullsmedmeister Leif Johannessen flytta frå Bergen til Voss, der han etablerte seg som gullsmed.

Her opna han ein liten verkstad med butikk, som han dei første åra dreiv saman med kone og to søner. Begge sønene tok til som lærergutar hjå faren i ung alder, og vart etter kvart gullsmedmeistrar, dei og.


Rundt 1960 gjekk verksemda inn i ein periode med sterk vekst, og talet på tilsette auka. Etter kvart blei produksjonslokala for tronge, og i 2001 flytta Sylvsmdja inn i nye og romslege lokale like utanfor sentrum av Voss, hvor dei ligg den dag i dag. Verksemda er framleis i familiens eige.

Sylvsmdja er Norges leiande produsent av bunadsylv, (95% av produksjonen,) alt produsert i egne lokale- midt mellom fjordar og fjell på Vestlandet. Dei produserar bunadsølv til alle landsdelar, i alt består produktutvalet deira av rundt 2500 produkt. Desse er tilgjengelege frå ca 900 forhandlarar over heile landet.

For tida har Sylvsmdja i overkant av 60 tilsette. 11 av desse har over 30 års erfaring i verksemda, og akkurat det å ha tilsette med lang erfaring og høg kunnskap om bunadsølv, har vore avgjerande for verksemda si vekst. Kvar dag syter 14 gullsmedar og 2 gullsmedmeistrar for at produkta deira blir fagmessig rett utført, i tråd med lokale tradisjonar frå dei ulike distrikta i Noregs land.

Bunadsylv-utstillinga

På utstillinga var alle Noregs distrikt representera med miniatyrmodellar av bunadene, gjerne med fleire modellar frå same distrikt, og tilhørande bunadsylv i original storleik.



Modell av hallingbunad med sylv.



Nøgd kappleiksdeltakar på utstilling.

Vidare var det utstilt ymse bunadsbelte, barnesyljer, sylvkløkkar, mansjettknappar, og brosjyre tel alle distrikta. Eg vart imponera over ideen med desse små modellane, og heilheta det gav.

Omvisning på Sylvsmidja

Eg har tidlegare vore eit par dagar hjå ein sylvsmed og filigransarbeidar i Telemark, ein liten verkstad med to benkar. På Sylvsmidja så eg det same, og litt til, i stor skala, med eigne rom eller stasjonar for dei ymse produksjonane.

Me starta i *produktavdelinga* hvor originalane framstilles. Ein del blir laga for hånd her, men mykje vert både pressa og støipt.

Vidare gjekk me tel *støypeavdelinga*, der det vert laga støypeformar i gummi utifrå originalmodellane. Desse vert fylt med flytande voks. Voksmodellane vert så satt på ei stamme som plaseras inn i ein gipsmaskin. Maskina varmas opp slik at voksen smeltar, og ein sit att med eit gipstre med avstøypingar inni. Denne vert så fylt med flytande sylv, og ”vips” har ein mengder med sylvdelar. Smidja brukar omlag 2000 kg sylv i året. Mest 830 sylv tel bunadsylv, noko 925 sylv som er mjukare, og ein god del knappar og verskespennar vert støypt i messing.

Poleringsmaskinar står plassera i eit eige rom. Maskinane inneheld slipesteinar av ymse storleik og hardhet, til stålkular saman med såpevatn. Sylvdelane vert lagt inn, og slipa eller polera etter behov.

I eit eige rom foregår *forgyllinga*, i både sylv og gull på sylv- bronse- og metallsyljer. Produkta som skal forgyllast vert lagt ned i kummar dekket med gull eller sylvplatar langs veggene, og fylt med cyanid- så dette er giftige saker. Strøm vert satt på og gir såkalla elektrolytiske bad.

Neste rom syna teknikken *pressing*. Pressing er ein kostbar prosess, men ved store volum er det likevel ein rimeleg måte å produsere på.

På Voss ynskjer dei å nytte seg meir av denne teknikken, og ventar for tida på ein større maskin enn den dei allereie har, som pressar ut fleire produkt samtidig på bånd.

På slipesalen står det slipemaskinar på rekke og rad, frå grov til finare sliping. Dette er håndsliping for maskin, det einaste som slipast kun med handkraft er evnt når originalmodellane vert laga.

Mesteparten av loddingen på ein stor fabrikk som her, foregår maskinelt, ved at produkta vert lagt på eit brett, loddepastaen sprøyta på for hånd, og brettet plaseras inn på eit samlebånd i ein loddemaskin. Der hvor det er meir behov for å halde produktet på plass, og å styre delane som skal loddast saman, vert det lodda for hånd.

Omlag all gravering på Sylvsmidja utføres maskinelt. Graveringa blir teikna i originalar, ført over på data, og vidare over i graveringsmaskinen via eit dataprogram.

Den eineste reine håndgraveringa som vert gjort er på enkelte av originalmodellane.

Sylvsmidja motek produktar til reparasjon både frå private kundar og frå butikkar. Dei motek såpass mykje at dei helst velgar å reparere berre eige sylv. Men fortel at dei likevel strekkar seg langt for å hjelpe dei fleste.

Eg vart imponera over mengda med produktar av alle slag i hyller, skuffar og skåp på Voss.

Originalmodellane, omlag 2000 stk, ligg trygd oppbevara i brannskåp, og lagerhylla for støypte delar er 8 meter i høgden, med hyller på ein breidde nærmare 3 meter. Men det er jo klart; dette er ei stor verksemd med ein stor produksjon.



*Ei nydeleg Brurekrone, kopi av en krone frå Bergen, tidlig 1900- talet.
Krona vert laga på bestilling til eit gardsbryllaup på Voss i 2001, av ein av dei tilsette ved Sylvsmidja*



Spenna på ei bunadsveske vert lodda på for hånd.

Else Mohn

Årets høgdepunkt på Hallingbu – spikjikkjøttur med noko attåt



Frå årets HBM i dart. Trond i aksjon mens Grete, Berit, Magne, Ingrid, Karl og Else følger spent med – blir det førsteplass på Trond tru?

Årets spikjikkjøttur gjekk av stabelen 17.juni i år. Styret v/Berit, Elin og Else hadde handla inn råvarene som vart handsama vidare på hytta. Menyen var kokte poteter og gulrøter, eggerøre, fenalår, flatbrød og rømme. Det var også pasta for dei som hadde lyst på det. Til dessert var det kaffe/te og jordbær. Som bildene syner var været strålande, sol og ca. 20 grader i skuggen. Hovedmåltidet vart servert ute i solveggen medan vi tok desserten innandørs.

Nytt av året var at kasseraren hadde kjøpt inn Dartspel til hytta. Dei mest ivrige, Trond og Svein, trena litt på førehand og så vart det arrangert Hallingbumesterskap i Dart for fyrste gong på hytta i nyare tid. Det gjaldt å få flest poeng med 6 piler. Alle deltok med stor iver og hadde lyst til å vinne. Om det er nokon som lurar på kven som vant så står alle resultatene i hytteboka.

Det tek ca. 40 minuttar å gå frå Snippen til Hallingbu enten du tek blåmerka sti om sommaren eller raumerka løype om vinteren. Frå Hallingbu er det berre ca. 500 m til Sinober der ein kan få kjøpt vaflar og heimebaka brød. Hallingbu ligg på eit lite høgdedrag ca. 430 m over havet. Frå Hallingbu kan ein sjå ned på Ormetjern og hytta "Pustut", hytta til Sunnfjordlaget, nå Sogn og Fjordanelaget. Litt lenger sør i Lillomarka, ikkje langt frå Hallingbu, finn ein også Buvollen, hytta til Valdreslaget og Hordahytta, hytta til Hordalaget. Det er altså mogeleg å gå frå lagshytte til lagshytte i Lillomarka. Dersom du har hug på ein skogstur og ikkje kan vegen til Hallingbu så sei frå til ein i styret, ein i hyttestyret eller ein som du veit klarer å finne fram.

Svein Aasen



Her er alle deltakarane mette, glade og fornøgde etter at dartkonkurransen var over. Pilene står trygt på Dartblinken. Det er vanskeleg å sjå kven som har vunne, alle er like blide. Frå ventre: Magne, Jette, Karl, Ingrid, Trond, Else, Berit, Elin og Grete. Svein var også med, men han tok bildet og er difor ikkje å sjå.

MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag den 19. September i Halli kl. 18.00

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved Terje Grangård og Else Mohn.

Dansespel ved spelemannen Ola R. E. Imset.

Frå kl. 20.00: Hallingspringar ein ekstra time.

Kom aleine, som par eller fleire i fylgje. Dansarane i Hallinglaget er mobilisert!

Inngangspengar: 100 kroner som gjeld for heile Folkedanskvelden. Hugs at det kvar sundag kl. 19.30 er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate! Sjå program på nest siste side.

Ta med danseskoa og kom og dans! Alle er velkomne.

Kvedarkvintetten frå Torpo

Kvedarkvintetten frå Ål fekk ein fin andreplass i Open Klasse på Landskappleiken på Voss i år. Desse jentene har gjort seg bemerkta med sin sær gode song. Dei har tilført noko nytt til den vokale folkemusikken, med snert og humor har dei fått mange vener. Applausen etter framføringa på Voss var ellevill, og dei kunne like gjerne ha vunne som å bli nummer to. Det var Tom Willy Rustad som vant med imponerende folkemusikalsk spel på gitar. Begge desse innslaga fekk me høyre i ein særdeles bra Folkemusikktime no på seinsommaren.



Open klasse: Kvedarkvintetten. Frå venstre: Silje Risdal Liahagen, Helga Myhr, Margit Myhr, Tonje Risdal Liahagen og Sina Myhr.

Fotograf: Embrik Luksengard / Hallingdølen

Me som har vore på Folkemusikkveka på Ål dei siste par åra har fått høyre dei der, og dei unge jentene er sær gode representantar for folkesongen i Hallingdal. Eg antar at Gunnlaug Lien Myhr, mor til tre av jentene, har lært desse jentene mykje nyttig om song. Det hadde vore moro om dei hadde kome innom på ein øvingskveld i Hallinglaget ein dag ...
Eg håpar verkeleg at dei ikkje gjer seg med det fyrste, og at me alle får høyre dei fleire gonger i tida framover.

Eg kan også nemne at alle desse jentene var med i Hakkebakkeskogen i sommar, der spelte dei syngende og dansende mus veldig bra. Denne framsyninga vart ein heilt utruleg suksess i vesle Flå. Dei 15 framsyningane i Bjørneparken i Flå samla over 10 tusen tilskodare! Og det langt oppi lia i Bjørneparken, så folk gjekk mann av huse - til ei kjempegod forestilling.

Lykke til vidare frå Terje.

Birger Liaghagen vitja Hallinglaget i vår.

Onsdag 26. mai år hadde me ei utvida springarøving, der både **Hilde Kirkebøen** og **Birger Liahagen** spelte for oss. Endeleg kom Birger Liahagen nedover til Oslo som gjesteartist, og han gleda oss veldig med spelet sitt. Mange i Hallinglaget har merka seg dansespelet hans på trekkspel, for han er ein av dei få som kan spele springar på trekkspel så ein blir glad! Og han spelar også gammaldans på ein drivande god måte.

Birger har vore ein av lærarane til Ingunn Stræte Lie, som har tatt opp arven etter han – så no kan også Ingunn spele springar på trekkspel! Med både Hilde og Birger til å spele, kom det mange, og det vart det mykje bra dansing denne kvelden. Det var veldig bra at me hadde to til å bake kake for oss, ein stor takk til Berit Glaser og Trond Roseth som laga kakene.



Birger Liahagen i Blåsalen i Nordahl Bruns gate 26. mai i år. Dette vart ei fin opptakt til Folkemusikkveka på Ål, som for mange starta fredagen same veka (28. mai).

Fotograf: Terje Grangård

Takk til folk som bidrar og stiller opp, og det er ekstra moro når me får besøk frå Hallingdal. Birger likte å spele for oss så me håper han tek turen opp att, og slik at dei som ikkje fekk oppleve han denne kvelden får ei ny sjanse; for dette er ein musikar som ein lett blir glad i.

Terje.

Folkedanskveldar hausten 2010

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	Storsalen kl. 19.30 -22.45	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
05. sep	Spelemannslaget De frilynde	Bingsjöpolska	Sogn- og Fjordaneringen
12. sep	...under avklaring	Vågåspringleik	Rundsnuen Danselag
19. sep	Svenkerud/Rusten/Nesje	Hallingspringar	Numedalslaget i Oslo
26. sep	Spelemannslaget De frilynde	Stildans	Folkedanslaget Symra
03. okt	Fanteladdane	Finnskogspols	Hordaringen i Oslo
10. okt	Østerdølenes spellmannslag	Rørspols	Rundsnuen Danselag
17. okt	Tonje & Stein Magne		Sogn- og Fjordaneringen
24. okt	Steinsgårdskroken	Menuett frå Orovais	Folkedanslaget Symra
31. okt	Bærum spellemannslag		Valdrelaget i Oslo
07. nov	Farande Fant	Stildans	Folkedanslaget Symra
14. nov	Tonje & Stein Magne	Boda-polska	Sogn- og Fjordaneringen
21. nov	Østerdølenes spellmannslag	Vestlandsspringar	Hordaringen i Oslo
28. nov	Best før ...		Hallinglaget i Oslo
05. des	Sofienberg spellemannslag	Finnskogspols	Rundsnuen Danselag
12. des	Mumriken		- ??

Inngang folkedanskveld:

Medlemmer kr 80,- / ikkje-medlemmer kr 120,-

Inngang minikurs:

Medlemmer og ikkje-medlemmer kr. 100,- *inkluderer påfølgjande folkedanskveld*)

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Les meir på: www.bls.no

e-post: bls@online.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no

Styret i Hallinglaget 2010–2011

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo
Tlf.: 2252 2267 – heime
4820 4652 – mobil
E-post: grangard@c2i.net

Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen
Gåserudgata 2A, 3032 Drammen
Tlf: 4804 0062 – mobil
E-post: berit.ellefsen@dnbnor.no

Kasserar: Elin Berget
Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo
Tlf: 9801 9910 – mobil
E-post: elinberg04@hotmail.com

Skrivar: Ola R. E. Imset
Ignaveien 129, 1912 Enebakk
Tlf: 6492 6336 – heime
9013 3907 – mobil
E-post: ola@imset.net

Medlemer: Else Mohn
Strømsveien 25, 0658 Oslo
Tlf: 9587 9270 – mobil
E-post: helsemor@hotmail.com

Renate Nysted Tønnessen
Vallefaret 16, 0663 Oslo
Tlf: 9955 2650 - mobil,
E-post: renatenysted@yahoo.no

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Eilev Groven Myhren
Bertramjordet 60, 1251 Oslo
Tlf: 9056 3657 – mobil
E-post: eilevgmyhren@yahoo.com

Medlemer: Svein Aasen og Terje Grangård.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Eilev G. Myhren eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn
Strømsveien 25, 0658 Oslo
Tlf: 9587 9270 – mobil
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Bård Kyrkjedelen, Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo og Michel Gascoin.

Revisor: Alix Cordray
Tlf.: 2225 2949

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

Hallinglaget på nettet: Nettadressa er: www.hallinglaget.net

Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com, www.folkemusikkscena.no og www.dans.laus.no!

Hallingbu



ERB
JR.96